

Til rettshavarar, naboar og offentlege myndigheiter

ADRESSE COWI AS
Magasinvegen 35
5705 VOSS
TLF +47 02694
WWW cowi.com

DATO 02.05.2021
SIDE 1/3
REF knhe
OPPDRAGSNR A130102

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det sett i gang arbeid med:

Detaljregulering for gang-/sykkelveg og VA-anlegg, Myrkdalen, i Voss herad (planID: 2019005).

Tiltakshavar og konsulent

Myrkdalen Fjellandsby AS er forslagsstillar.
COWI AS er konsulent for planarbeidet.

Planområdet

Det aktuelle planområdet går langs riksveg 13, Myrkdalsvegen, frå Myrkdalen bygdasenter (Mørkve) til Myrkdalen fjellandsby. Strekninga er på om lag 3 kilometer. Varslingsområdet er trekt godt ut til side av vegen på den sida som tiltaket er plassert. Varslingsområde er på om lag 94,6 dekar. Planavgrensinga vil verta vesentleg innsnevra i planforslaget, når det vert fastsett kva areal som er naudsynt å regulere. Planavgrensing er vist på vedlagt kart.

Planstatus

I kommuneplanens arealdel, 2020 – 2032 (vedteken 22.10.20), er areala i hovudsak avsett til LNF-område. I området er det omsynssone for landbruk, støysone for veg, og faresonar for skred som kryssar vegen på fleire plasser langs strekninga. Kommuneplanens arealdel seier at kommunedelplan for Myrkdalen (vedtatt 10.2.2010) skal vidareførast. Det er fleire gjeldande planar i området, kor av nokon av dei har rekkefølgekrav til opparbeiding av gangveg/sti til bygdasenteret. Områdereguleringsplan for Mørkveslia (plan-ID 2016012) vart vedteken 20.06.2019, mellom anna med ei ny avkøyrsløp i RV13 Myrkdalsvegen.

Planen sitt føremål

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for eit tilbod for mjuke trafikantar langs riksveg 13 Myrkdalsvegen, mellom Myrkdalen bygdasenter og Myrkdalen fjellandsby.

Tiltaket skal regulerast delvis som fortau (ved fartsgrense 50 km/t), og delvis som gang- og sykkelveg (ved fartsgrense 60 km/t). Dagens veg vert liggjande som i dag, og fortau/gang- og sykkelveg skal etablerast inntil dagens vegkant. Tilbodet skal vera ein-sidig, og skiftar side ein gong på strekninga. Fortau/gang- og sykkelveg er plassert og planlagt slik at det skal gje minst mogleg terrenginngrep.

Det kan vere fare for jord-, flaum-, snøskred, då riksvegen ligg opp mot bratt terreng. Slik naturfare må vurderast i planarbeidet, og dersom det er naudsynt vert det planlagt for avbøtande tiltak for å handtera faren.

Det er planlagt at fortau/gang- og sykkelveg skal byggjast før eller samtidig med at det vert lagt nye vatn- og avlaupsleidningar på strekninga. Bakgrunn for arbeidet med nye vatn- og avløpsleidningar er hovudplan vatn- og avløp for Myrkdalen, vedteken i Voss Heradsstyre 18.06.2020.

Planen er vurdert i høve forskrift om konsekvensutgreiing, og det er konkludert med at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, men skredfare og konsekvensar for naturmangfald skal utgreiast nærare som del av planarbeidet.

Medverknad og informasjonsmøte

Ved varsel om oppstart (dette brevet) vert dykk invitert til å kome med merknader og innspel til planarbeidet. Planarbeidet vil kunne råka grunneigarane sine interesser i planområdet, eventuelt som nabo/motbuar til planområdet. Vi ber grunneigarane underrette eventuelle rettshavarar/leigetakarar om det planarbeidet som er starta.

Merknadene vert gjennomgått og kommentert, og vil fylgje planen. Det vert ikkje sendt svar attende på dei einskilde uttalene til planen, men dei vert gjennomgått samla i eit merknadshefte og lagt ved saka. Etter merknadsfristen vert eit planforslag utarbeidd og sendt til Voss herad for politisk behandling. Etter første gongs behandling, vert planforslaget kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere mogleg å komme med merknader til planframlegget før vidare politisk behandling.

De er invitert til eit ope informasjonsmøte **gjennomført som teamsmøte, 10. mai kl. 13.00 – 15.00**

Møte vert halde på teams og kvar deltakarar må melde seg på ved å sende ein e-post til: nils.akselberg@myrkdalen.no innan 7. mai kl. 12.00. De vil då få attende ein e-post med link til møtet.

Dersom de ikkje har høve til å delta på teamsmøte må de melde frå til telefonnr 970 65 019, så vil me arrangere eit møte for eit avgrensa tal deltakarar ihht smittevernreglane på Myrkdalen Hotel 11. mai kl. 13.00.

På teamsmøtet/møtet vil representantar frå Myrkdalen Fjellandsby og COWI vera til stades. Ein vil leggja fram informasjon som ein har på noverande tidspunkt om dette planarbeidet, og det vert høve til å prata med forslagsstillar og plankonsulent.

Merknader til varsel om oppstart

Meir informasjon og referat frå oppstartsmøte er tilgjengeleg på Voss herad sine nettsider under kunngjeringar ([Kunngjeringar - Voss herad](#)).

Eventuelle merknader eller innspel kan sendes skriftleg til plankonsulent innan **onsdag 2. juni 2021**.

Postadresse: COWI AS
Magasinvegen 35
5705 VOSS

E-postadresse: knhe@cowi.com

Med helsing



Knut Hellesnes
COWI AS

Vedlegg: Varslingsliste og oversiktskart over varslingsområdet